



Julegrana er med og gjer Uskedalen kjend langt ut over bygdas grenser. No kan vi atter visa at vi set pris på grana (Foto: Ola Matti Mathisen).

I 1989 vart det halde ein innsamlingsaksjon til julegrana – til innkjøp av eit nytt og godkjend lysopplegg. Responsen var så god at det framleis var att 14.000 på kontoen då lysa var kjøpt inn. No er det starta ein ny innsamling, fordi kontoen er tom. Det er stor slitasje på lysopplegget og mange pærer må skiftast ut kvart år.

- I år må det mellom anna skiftast ut og kjøpast inn ei heil lyslekkje i tillegg til reparasjonar på nokre av dei andre, fortel eldsjelane Lars Myklebust og Knut Stensletten. Dei håpar og trur på god respons også denne gongen fordi både handelsstand, andre næringsdrivande, lag og privatpersonar set stor pris på julegrana. Kontonummeret for innsamlinga er 3460 09 58021.

Vår gran er den eine av to permanente julegranar i vårt fylke. Den andre er å finna på Bolstadøyri og den er 14 meter høgre enn Uskedalsgrana. Dei to granane måler 36 og 22 meter. På den andre sida har Bolstadøyri pynta juletreet sitt i 41 år, medan uskedalingane starta to år før!

Uskedalsgrana var 13 meter ved første tenninga i 1963. Ho er ei av fleire som vart planta på skuleplassen etter at nyskulen var reist i 1902. Sigurd Wang, ein eldsjel bak musikklaget, hadde ideen om å gjera ho til julegran. I dei seinare år har Myklebust, Stensletten, Ståle Eik og Gunnvald Friheim stått i spissen for 'Operasjon julegran' i Uskedalen. Musikklaget har hatt ansvaret gjennom alle år og karane har gjort ein stor dugnadsinnsats i alle slags ver.

Den første tida var det fast tradisjon at grana vart tent siste søndag før jul – før den tradisjonelle julekonserten i kyrkja, Men etter sterke ønskje mellom anna frå handelsstanden har tenninga i dei seinare år gått føre seg tidleg i desember og den blir då vevd inn i ei vidare program-ramme. Slik blir det altså også i år – då lyser Uskedalsgrana opp frå fredag 1. desember.

Ein skulle kanskje tru at sjøve monteringa av ljosa kvart år baud på problem, men slik er det ikkje. Ein av karane klatrar til topps, heisar ljøs-systemet opp med tau og så går resten lett. Det heile er gjort på halvannan time. Då er det eit langt større problem at mange pærer ryk. Berre førre året måtte det skiftast ut 200 pærer på to veker sjølv om det er 71 pærer på grana! Desember er ofte ein verhard månad i Uskedalen og det går også ut over julegrana.

Av Ola Matti Mathisen

